



Referat møte i Sykkylven sokneråd 21.11.23

Tid: 21.11. kl. 18.30-21.30

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren

Mat: Eli Myrene

Åpning: Kari Myklebust

Desse møtte: Kari, Knut, Arne, May Lisbeth, Therese Aa., Therese H., Eli og Georgia.

Runde etter Soknerådskurs: Kva tar du med deg frå kurset?

Litt repetering av viktige ting frå Handbok/video. Oppfordring om å gjere seg kjend med handboka i tida framover.

Kirkeverge Arild Sporsheim orienterar: Kvar finn vi referat/oversikt/viktige dokument/kontoplanar/økonomi

Sak 29/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, men merknad om at møte sluttidspkt. også blir teke med i innkallinga.

Sak 30/23 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 24.10.23

Viktig å lese gjennom forrige referat, for oppfølging av oppgåver.

Vedtak: Godkjent.

Sak 31/23 Innspel utlysingstekst til ny sokneprest Sykkylven

Vedlagt eks: Utlysing Ikornnes

Saksordfører : Therese Utgård Aas

Sjå vedlagt utkast til utlysingstekst frå tilsetting sokneprest Ikornnes

Bestilling frå bispedømet:

«Involvere soknerådet i denne prosessen, t.d ved å be SR-tenke nøye igjennom kva for arbeidsoppgåver som vil ligge til stillinga, fokusområder i kyrkjelyden og eigenskaper hos den enkelte de ser etter.»

Personalavdelinga BD utformar utlysingstekst saman med prost og kyrkjeverge. Personalavdelinga i BD lyser ut.

Sykkylven sokneråd skal

a. Kome med innspel på kva vi meiner er viktig å vektlegge i utlysingsteksta.

Tenk over om det er noko vi syns særpregar Sykkylven kyrkjelyd? Kva treng vi?

Kva er viktig å legge vekt på?

Kort myldring/innspel. Therese Aas noterte innspela, og kjem med eit utkast.

Tilsetting skjer i tilsettingsråd.

b.SR skal oppnevne ein person i soknerådet som kan representere oss i tilsettingsprosessen. SR utnemnde Therese Aas til dette.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven sokneråd

Sak 32/23 Misjon - misjonsavtaler

Kirkemøte/Kirkerådet oppfordrar kyrkjelydar til misjonsavtaler

a.Sykkylven sokn har to misjonsavtaler :

NMS Thailand / Kirkens bymisjon Møre

Presentasjon av kva avtalane innhald og innebær

b.Representantar til misjonsutval.

Nokon som kan tenke seg å vere med i Misjonsutval?

* Therese H. og Knut blir med i tillegg til "det gamle"; Therese Aas og May Lisbeth.

* Vi bør prøve å tydeleggjere misjonsavtalene våre, konkretisere bønner osv., gjerne sette fokus på dette..... - og vi vil ha med bilde, filmsnutt, innlegg om det offeret skal gå til kvar gudsteneste (når vi får det til). Soknerådsmedlemar og andre med innsikt i offerformålet kan utfordrast på førehand.

Sak 33/23 Ukraina hjelp Therese Stave Hovland. Presentasjon vedlagt

Therese orienterar 3-4 min. Spørsmål - samtale

Noko Sykkylven krk. være med. Intensjonsavtale? "Emmanuel - Hjelpande hender" sitt utvida nettverk; "Gi glede" her i Sykkylven og anna arbeid her på Sunnmøre. Det med offersøknad blir teke opp igjen på januarmøtet. Therese Hovland søker soknerådet om offer frå Sykkylven Kyrkjelyd. (Arne sørger for søknad om offer til Sjømannskyrkja.) Andre org. kan også søke, frist 7.januar -24.

Sak 28/23 (fortsetter) Møteplan / Arrangement Plan vedlagt

a.Møtedagar: Tirsdagar kl 18.30-21.30. Neste møte i soknerådet blir 23. jan. - 24.

b.Spørsmål ang bibeltimar bedehuset. Mail frå Helge Standal.

SR fått spørsmål om å være med å arrangere, og ha ein representant i arrangørgruppa. Kari Myklebust har svart ja. Vi håper på vidare samarbeid, begge vegar.

Sak 34/23 Presentere det nye soknerådet i Nyss?

Korleis vil vil framstå? Kva er viktig å legge vekt på?

Vi inviterar til/ Åpne rom til 7 dagers kirke/

Ønsker at krk. skal være meir for fleire. Vi tek att denne saka over nyttår.

Orienteringssaker Konstituering av Fellesrådet

Husk : HANDBOK MENIGHETSRAÐ Reglar, - lover, prosedyrer, møteplikt osv

Viser til opplæringsfilmen:

<https://ressursbanken.kirken.no/nb-NO/rådsmedlem/nyheter/2023/introfilm-til-nye-rad>

Referent, Eli Myrene